

# Møteprotokoll for Eldrerådet

**Møtedato:** 14.02.2022  
**Møtestad:** Heradsstyresalen  
**Møtetid:** kl. 10:00 - 12:00

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Asbjørg Ågotnes		Utvalseiar
Jarle Hanstveit		Medlem
Ove Kleiveland		Nestleiar
Vigdis Fossheim		Medlem

Forfall meldt frå medlem	Parti	Rolle
Bjarte Hammer Aarland	KRF	Medlem

---

**Følgjande frå administrasjonen møtte: politisk-adm.sekretariat**

---

## Sakliste

Saknr	Tittel
001/22	Godkjenning av innkalling og sakliste
002/22	Godkjenning av møtebok
003/22	Referatsaker og meldingar
1	Eldrerådet - årsmelding 2021
2	Statusoppdatering - "kommunedelplan idrett og fysisk aktivitet"
3	Statusoppdatering - "Pasientreiser"
004/22	Forslag til planprogram for kommuneplanen sin arealdel
005/22	Andre saker/spørsmål

## **001/22: Godkjenning av innkalling og sakliste**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Innkalling og sakliste vert godkjent.

**14.02.2022 ELDRERÅDET**

Det var ingen merknadar til innkalling og sakliste

**ELD - 001/22 VEDTAK:**

Innkalling og sakliste vert godkjent.

---

## **002/22: Godkjenning av møtebok**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Møteprotokoll frå vert godkjend.

**14.02.2022 ELDRERÅDET**

Det var ingen merknadar til møtebok

**ELD - 002/22 VEDTAK:**

Møteprotokoll frå 08.11.2021 vert godkjend.

---

## **003/22: Referatsaker og meldingar**

**Rådmannen sitt framlegg:**

"Referatsakene vert tekne til vitande."

**14.02.2022 ELDRERÅDET**

**ELD - 003/22 VEDTAK:**

Referatsakene vert tekne til vitande.

---

## 1: Eldrerådet - årsmelding 2021

Rådmannen sitt framlegg:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:  
Årsmelding 2021 vert teken til vitande

14.02.2022 ELDRERÅDET

### ELD - 1 VEDTAK:

Rådet tok saka til vitande

---

## 2: Statusoppdatering - "kommunedelplan idrett og fysisk aktivitet"

Rådmannen sitt framlegg:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:  
Saka vert teken til vitande

14.02.2022 ELDRERÅDET

Jarle Hanstveit, representant for rådet i plan for idrett og fysisk aktivitet, orientere om status i planen.

Det vert også gitt ein del innspel som Hanstveit tek med seg vidare inn i arbeidet med planen.

Rådet tek sikte på å ha ein nytt møte knytta til planen etter at verkstadene er ferdig i 28. mars, kor leiar for kultur og mangfald kan stille.

### ELD - 2 VEDTAK:

Rådet tok saka til vitande.

---

## 3: Statusoppdatering - "Pasientreiser"

### **Rådmannen sitt framlegg:**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:  
Saka vert teken til vitande**

### **14.02.2022 ELDRERÅDET**

Sekretær for rådet vidareformidla statusoppdatering frå ordførar og konstituert kommunalsjef for Helse, Omsorg og Sosial.

Saka vert følgd opp. Det var eit møte med Helse Bergen og Pasientreiser 21.12..2021. Det er planlagt eit møte med Christiania Taxi 17. februar og eit nytt møte med Helse Bergen og Pasientreiser i mars.

### **ELD - 3 VEDTAK:**

Rådet tok saka til vitande

-----

### **004/22: Forslag til planprogram for kommuneplanen sin arealdel**

#### **Rådmannen sitt framlegg:**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**  
Planprogram for kommuneplanen sin arealdel for Osterøy kommune vert lagt ut til offentlig høyring og ettersyn, jf. PBL § 11-13

### **26.01.2022 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL**

Saka vert flytta til seinare i møte slik at kommunalsjef for samfunnsutvikling kunne vere tilstades for spørsmål.

-----

Leiar for utvalet gjorde slikt framlegg:

"Planutvalet ønskjer eit ekstraordinært møte for handsaming av planprogrammet 4.5.22 kl 0900.

Utvalet støttar forslaget til tematisk fokusering av planprogrammet, og bed vidare om følgjande endringar i utkastet til planprogrammet for rulleringa av kommuneplanen sin arealdel:

- Det må vera fullt høve til arealinnspel også ved høyringa av sjølv planen, ikkje berre planprogrammet.
- Parti som ikkje fast har representantar i planutvalet vert inviterte til å nominera ein representant kvar til arbeidet med KPA-rulleringa.
- I pkt. 7.1 bør krava til arealinnspel vesentleg forenkla og avgrensast til det som er rimeleg. Planavdelinga vert beden om å reformulera punktet slik at ein både opnar for alle gode innspel, men samstundes konsentrerer sakshandsaminga om dei som er, eller kan vera, aktuelle innanfor planprogrammet.
- Det bør lagast ein særskilt plan for høgt engasjement og medverknad i høyringsrunden,

- inkludert alle relevante sosiale mediaplattformer (Facebook, Instagram, nett osv.)
- Ein bør søkja å få samsvarande arealføremål for eksisterande bustadar så langt det er tenleg."

#### **AVRØYSTING:**

Samrøystes vedteke

#### **PL - 004/22 VEDTAK:**

Planutvalet ønskjer eit ekstraordinært møte for handsaming av planprogrammet 4.5.22 kl 0900. Utvalet støttar forslaget til tematisk fokusering av planprogrammet, og bed vidare om følgjande endringar i utkastet til planprogrammet for rulleringa av kommuneplanen sin arealdel:

- Det må vera fullt høve til arealinnspel også ved høyringa av sjølve planen, ikkje berre planprogrammet.
- Parti som ikkje fast har representantar i planutvalet vert inviterte til å nominera ein representant kvar til arbeidet med KPA-rulleringa.
- I pkt. 7.1 bør krava til arealinnspel vesentleg forenklast og avgrensast til det som er rimeleg. Planavdelinga vert beden om å reformulera punktet slik at ein både opnar for alle gode innspel, men samstundes konsentrerer sakshandsaminga om dei som er, eller kan vera, aktuelle innanfor planprogrammet.
- Det bør lagast ein særskilt plan for høgt engasjement og medverknad i høyringsrunden, inkludert alle relevante sosiale mediaplattformer (Facebook, Instagram, nett osv.)
- Ein bør søkja å få samsvarande arealføremål for eksisterande bustadar så langt det er tenleg.

#### **14.02.2022 ELDRERÅDET**

Rådet har ingen innspel på noverande tidspunkt

#### **ELD - 004/22 VEDTAK:**

Planprogram for kommuneplanen sin arealdel for Osterøy kommune vert lagt ut til offentleg høyring og ettersyn, jf. PBL § 11-13

-----

#### **005/22: Andre saker/spørsmål**

**Rådmannen sitt framlegg:**

#### **14.02.2022 ELDRERÅDET**

Rådet snakka om markering og tryggleik knytta til parkering, veg og gangfelt. Det er mange plasser kor det ikkje er tilstrekkeleg.

Rådet ønskjer at trafikksikkerheit, status på Omsorg + (og tilsvarande planar, til dømes "leve heile

livet") og demensplan vert teken opp til neste møte.

**ELD - 005/22 VEDTAK:**

Det vert ikkje gjort noko vedtak i sak

---

Til å skriva under møteprotokollen saman med rådsleiar vart desse valde: Ove Kleiveland og Vigdis Fossheim

Lonevåg, 14.02.2022

Runar Ludvigsen  
Sekretær